

Jakta på den norske kulturen



Nok norsk: Med bunad og stabbur ville SV sparke i gang ein diskusjon om norsk kultur.

FOTO: ÅSMUND HOLIEN MO

Alle parti er opptatt av norsk kultur. Men norsk kultur er ikkje det same om du spør ein Venstremann, ein Senterpartist eller ein Framstegspartipolitkar.

Vatnet brusar i fontenen i spikersuppa. Langs den øvre delen av paradegata Karl Johan står partias valboder tett i tett. Senterpartiet har plassert seg i ei folkeleg grå campingvogn, partiet Rødt har fått sett opp ei solid trehytte. Framstegspartiet held til i ein slags tilhengar dekorert i Frp-raudt kvitt og blått. Stortingspolitkar Christian Tybring-Gjedde blir helsa velkomen av sine ivrige, flygebladutdelande partifeller. Partiet har gjort slagord om norske verdier og streng innvandringspolitikk til ein del av valkampen.

Marius og kebab

Norsk kultur tar mange former, ikkje minst i valkampen. Senterpartileiar Liv Signe Navarsete føreslo å grunnlovsfeste vern av det nynorske skriftspråket. Unge Høgre prøvde seg med kampanjemateriell i tradisjonsrikt, norsk Mariusmønster, før dei fekk opphavsretteigaren på nakken. SV-leiar Audun Lysbakken kledde seg opp i bunad og stilte seg opp foran eit stabbur med ein kebab, for å markere at partiet hans har eit anna syn enn Framstegspartiet på kva som er norsk kultur.

– Landet vårt blir meir mangfoldig. Det gjer at vi treng ein auka bevisstheit om kva verdier som skal liggje til grunn for det norske fellesskapet. Då er vårt svar at det

ikkje skal vere ein felles etnisitet, seier Lysbakken.

Ein kamp om kultur

– Kva er norske verdier for ein SV-ar?

– Vi vil argumentere mot at det er eit gitt sett av norske verdier. Eg og Siv Jensen har ulike tankar om kva det vil seie å vere norsk. Kva verdier som skal vere norsk i framtida er ikkje gitt, det er ein kamp om kva som skal vere norske verdier. Det er motsetnader, men den går ikkje mellom eit etnisk norsk vi og eit innvandra dei. Den viktigste verdikonflikten i Noreg går mellom liberale og konservative krefter.

– Klisjeen om SV er at dei er glade i alle kulturar, berre ikkje den norske.

– Det er jo berre tøv. Vi som er på venstresida har alltid knytt oss tett til den norske nasjonale tradisjonen. Dei nasjonale symbola tilhøyrer alle her i landet. Eg er stolt over at Noreg er eit land med mykje likskap og stor deltaking nedanfrå i samfunnet, seier Lysbakken.

Norsk nok

– Norsk kultur er alt det som blir akseptert som genuint norsk. Kva det er, er heile tida i utvikling. Kjernen i norsk kultur blir gjerne oppfatta å stamme frå 1800-talet, seier Øystein Sørensen, professor i historie ved Universitetet i Oslo

Fakta

Norsk kultur

* «Mors pinnekjøtt» var del av svaret då Framstegspartiets Christian Tybring-Gjedde ville ha kulturminister Hadia Tajik til å svare på kva norsk kultur er.

* I valkampen har Framstegspartiet lansert begrepet «kulturell bærekraft» der ei frykt for framtida for norsk kultur blir kobla til eit ønske om ein striks asyl- og innvandringspolitikk.

* Nationen har bede eit utval norske politikarar om å fortelje om sine tankar om norsk kultur.

og ekspert på nasjonalisme.

For nokre år sidan leia han eit forskingsprosjekt om utviklinga av ein norsk, nasjonal identitet på 1800-talet. Etter 1814 var mange på leit etter det genuint norske. Innsamlinga av folkeeventyr – inspirert av nasjonalromantikken, lokale drakttradisjonar og andre uttrykk for det som vart rekna som spesielt norsk, var med på å etablere tanken om at det fanst ein sereigen norsk kultur.

Poenget med forskingsprosjektet var ikkje at norsk kultur vart funne opp på 1800-talet, men at tanken om at alle tradisjonelle kulturuttrykk var ein del av ein stor nasjonal fellesskap, oppstod på denne tida.

Eit eventyr

– Ein kan seie at det norske er ein prosess, eller om ein vil ein konstruksjon, men det byggjer på noko som er eldre, seier Sørensen.

Han bruker Asbjørnsen og Moe's folkeeventyr som eksempel på korleis dette fungerte reint praktisk. Dei to reiste rundt i landet og samla inn norske eventyr. Så gjorde dei eit utval, bearbeida stoffet, skreiv det ned og gav det ut i bokform.

– Dei fekk aksept for at dette var noko som var genuint norsk, og for at det var fellesnorsk. Men det var jo ingenting i desse historiene som var felles norsk i den forstand at alle kjente til det. His-



Med sølvknappar: SV-leiar Audun Lysbakken seier at han og Siv Jensen har svært ulike tankar om kva som er, og bør vere, norske verdier.

FOTO: ÅSMUND HOLIEN MO

toriene er heller ikkje spesifikt norske, dei finst i ulike variantar i fleire land. Men eventyra vart godtatt som norske og skapte resonnans. Så vart det felles norsk i kraft av det, seier Sørensen.

Han påpeikar at sjølv om ikkje alle nordmenn har eit sterkt forhold til folkemusikk, rosemåling eller andre av 1800-talets kulturuttrykk, står andre delar av arven frå 1800-talet svært sterkt.

– Dei politiske institusjonane

frå 1800-talets fridomskamp er kanskje det som samlar flest, som Stortinget, Grunnlova, 17. mai og det norske flagget. Uansett kva ein kranglar om og kva ein står for, er 1814 noko som samlar. Til og med NS under krigen prøvde å knytte an til 1814 og framstille det som ein del av sin tradisjon, seier Sørensen.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK
astrid.dypvik@nationen.no

NORSK

«Eg og Siv Jensen har ulike tankar om kva det vil seie å vere norsk.»

AUDUN LYSBAKKEN
SV-LEIAR

AKSEPTERT

Norsk kultur er alt det som blir akseptert som genuint norsk.

ØYSTEIN SØRENSEN
PROFESSOR I HISTORIE

Kjempar ein evigheitskamp

– Norsk kultur er i endring. Også bygdekulturen, seier Ola Borten Moe.

– Den norske kulturen er i endring raskare enn nokon gong før. Den er noko vi stadig må debattere og forsvare, seier nestleiar i Senterpartiet, Ola Borten Moe.

– Eg oppfatar at demokrati, openheit og likestilling er norske verdier. Kva er så norsk med det, kan ein gjerne spørre. Når det gjeld likestilling, så er det eit område der vi skil oss mykje frå mange andre. Du skal ikkje veldig langt unna før dette blir veldig annleis. No tenkjer eg på den

russiske debatten som pågår om homofili.

– Kva med fjord, fjell og rosemåling?

– Det å byrje nevne opp enkeltting gjer at ein lett havnar i det eg vil kalle bunads- og pinnekjøttdebatten. Personleg synest eg ikkje den er meir enn måteleg interessant. Vi må femne stadig breiare og vidare, og vi må ikkje forveksle kultur med identitet.

– Kva med norske bønder og levande lokalsamfunn. Synest du det er ein viktig del av norsk kultur?

– Det er og har vore viktig for norsk identitet og sjølvbiletet.

Alle med evne til å sette begrep i ein historisk kontekst veit at det er slik. Men også bygdekulturen er i endring.

– Meiner du at norsk kultur er truga?

– Norsk kultur er ikkje truga. Men, vi må ha bevisste tankar om emnet. Eg trur det er farleg å tenkje at vår kultur og våre verdier aldri er truga eller utfordra, eller at vi ikkje må stå opp og kjempe for dei. Tvangsekteskap er for eksempel noko som ikkje er foreinleg med våre likestillingsverdier. Det er ikkje noko som ordnar seg av seg sjølv. Det er ein evigheitskamp, seier Moe.



Norsk kultur: Senterpartiets nestleiar Ola Borten Moe snakkar gjerne om kva norsk kultur er.

FOTO: KJETIL BLOM HAUGSTULEN

Brunost og nakenbading

Venstres Abid Raja vil at elbilar og kildesortering skal bli ein del av norsk kultur.

– Norsk kultur er dialekter og nynorsk, fjord og fjell og å svømme naken i elver. Det å bade naken i elver er ikkje noko innvandrarrar gjer, du finn ikkje oss der. For meg er også Volvo og bikkjer norsk kultur, seier Abid Raja som er Venstres 1. kandidat i Akershus.

Det siste året har han budd i India der han har vore diplomat ved den norske ambassaden.

– Eg reiste heim til Noreg seks gongar i løpet av året. På veg hit vog kofferten seks-sju kilo. På veg tilbake til India var han alltid oppe i over 20 kilo. Kva eg hadde fylt han med? Det var brunost, makrell i tomat, kaviar, Norvegia og mellomleggspapir til matpakker. I India er det ikkje vanleg med matpakke. Der går det mest i varm lunsj. Men barna våre ville absolutt ha nistepakker, skiver med brunost, makrell i tomat. Matpakke er typisk norsk for meg, seier Raja.

Han fortel at brunosten slo godt an hos barnas skolekamerater på den internasjonale skolen dei gjekk på.

– Vi serverte vaflar med brunost, og du kan tru at det gjekk unna. Særleg blant dei japanske barna. Kanskje brunosten har uante moglegheiter som eksportartikkel?

Raja legg til at den norske kulturen er i stadig endring, og at han gjerne vil vere med på å endre den.

– Å gi barn pryl som ein del av oppdra-

ginga var ein del av norsk kultur. No er det ein del av norsk kultur, og lov, å ikkje slå barna sine. Eg vil at kildesortering, elbilar og bruk av fornybare ressursar skal bli ein del av den norske kulturen. Vi nordmenn likar å vere gode. Dette er noko eg vil at vi skal bli gode i.

Også likestilling, yringsfridom og demokrati er ein del av norsk kultur, meiner Raja.

– Det er kanskje ikkje opphavelig norsk kultur, ein kan kanskje heller seie at det er vestlege verdiar. Men det er blitt ein viktig del av kulturen vår i dag, seier Raja.

– Bunadskulturen og alle desse spesielle tradisjonane i Utkant-Noreg er noko eg har sans for. Mange kjøper telemarksbunad sjølv om dei ikkje har noko tilknytting til fylket. Det kunne eg aldri ha gjort. Bunaden er knytt til ein opphavsregion. Sjølv har eg Oslo-drakten, altså festdrakten frå 2000. Det er den som kjennest mest rett for meg.

Abid Raja tenner på alle plugger når Frp snakkar om norsk kultur og innvandring.

– Nansen og Nansenhjelpa synest eg er ein flott norsk tradisjon. Nansen hjelpte flyktningar. Han fekk etablert Nansenpasset som vart akesptert av meir enn 50 statar. Det arbeidet fekk Nansenhjelpa også Nobels fredspris for. Når Framstegspartiet spelar ut innvandrarkortet sitt og prøvar å skape eit fiendebilette av dei som flyktar frå vald og forfølgning, så er det ikkje eit forsvar for norsk kultur. Det er ukultur, eller i høgda Frp-kultur, seier Raja.



Endring: Norsk kultur er i stadig endring, og Venstrepolitkar Abid Raja vil gjerne vere med på å endre den.

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN



Tybring Gjedde: Norske bønder er ein del av norsk kultur, men landbrukssubsidiane er ikkje det.

Hegnar om det som er felle

– Vi må ikkje blande kultur med nasjonalromantikk, seier Christian Tybring-Gjedde frå Framstegspartiet.

Christian Tybring-Gjedde er ein av ideologane bak begrepet «kulturell bærekraft» som Framstegspartiet nyleg lanserte. Bak dette begrepet ligg det ein tanke om at høg innvandring utfordrar norsk kultur.

– For meg er ikkje norsk kultur noko handgripeleg. Det er summen av alt det vi feriar 17. mai. Det er skikk og bruk, hedvonne tradisjonar, det vi har blitt einig om i nasjonen. Du kan seie at det er ein felles relasjon til samfunnets hendingar i fortid og notid, seier Tybring-Gjedde.

Han har representert partiet på stortinget i åtte år, og jobbar for å bli vald inn for ein ny periode i haust.

– Norsk kultur er ein kristen kulturarv, familiekulturen vår, felles historiske hendingar som 9. april og grunnlovsdagen. Viktigtida er ein del av det-

te. Det same er Nansen og den einsame ferda hans over Grønland. Det same er fridomsverdiane våre, reformasjonen, likeverd, yringsfridom og toleranse.

Tybring-Gjedde synest nordmenn bør vere stolte over landet sitt.

– For å politisere det litt, sosialistane er opptatt av å verne om kulturen i andre land, men den norske kulturen er jo like verneverdig som den tibetanske kulturen. Norsk kultur er nesten litt stigmatisert. Vi må tørre å stå for det vi er. Det underlege er at samstundas som nesten alle norske politikarar og mediefolk synest det er provoserande og ekskluderande å definere norsk kultur, så er dei samstundes skråsikre på at det finst nasjonale kulturar i andre land. Dei er så skråsikre at dei til og med gir pengar over vårt statsbudsjett for å oppretthalde dei. Vi har fått til mykje fint i dette landet. Vi burde vere stolte av det vi har fått til. Det handlar ikkje om at vi skal snakke ned nokon andre, men at vi skal hegne om det som er felles for nasjonen vår.